



## Referat frå kommunemøte torsdag 2. april

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka, fylkeskommunen, KS og Sivilforsvaret

Ikkje til stades: Etne kommune, Fitjar kommune og Sveio kommune

### 1. Informere/presisere

Nytt telefonmøte med kommunane førstkomande måndag 6. april kl. 14.30. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.15.

Dersom det kjem anna informasjon som vi treng å få ut til kommunane kan det verte innkalla til møte onsdag 8. april.

### 2. Vakttelefon på beredskap

Fylkesmannen har oppretta ein vakttelefon på beredskap. Telefonnummeret er 916 99 098.

### 3. Rapportering

DSB rapporterer kvar tysdag morgon om situasjonen i fylket til DSB. For å få eit mest mogleg rett bilde er det viktig at Fylkesmannen klarar å fange opp utfordringar og problem. Det er særleg viktig å få kunnskap viss det er avvik, eller fare for det, i kritiske samfunnsfunksjonar.

Fylkesmannen ber difor om at kommunane har ein låg terskel for å melde frå om avvik innan område som kommunen har ansvar for. Dette gjeld til dømes evne til kommunal styring og beredskapsleiing, helse- og omsorgstenester, vatn og avløp, barnevern og tenester innan psykiatri/rus.

Sjå oversynet over samfunnskritiske funksjonar laga av DSB:

[https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/rapporter/kiks-2\\_januar.pdf](https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/rapporter/kiks-2_januar.pdf)

### 4. 17. Mai, festivalar m.v

Det er enno ikkje kome nasjonale føringar om dette. Fleire fylkesmannsembete har teke opp problemstillinga, og Justisministaren sa at ho ville bringe oppmodinga om ei rask avklaring vidare til Statsministerens kontor.

### 5. Hytteforbodet

Regjeringa har laga ein enkel spørsmål og svar side på spørsmål knytt til "hytteforskrifta". Denne sida er tilgjengeleg her: <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/folkehelse/innsikt/smittevern/hytteforbud/id2695830/>

Nokre presiseringar som er gjort klarare:



- Kommunane ikkje kan dispensere, og det kan heller ingen andre
- Dagsturar, tur i fritidsbåt er frårådd, men ikkje forbode
- Pendlarovernatting er lov
- Overnatting i samband med strengt naudsynt vedlikehald er lov
- Personar i karantene fordi dei har stadfesta koronasmitta i husstanden sin, kan ta i bruk fritidsbustad og overnatte der for å unngå kontakt med den smitta
- Justisministeren sa på pressekonferansen 31.mars at det er lov og legitimt at studentar reiser heim til familien sin i påsken
- Ikkje forbod mot overnatting på campingplassar og båthamner, men kommunen har høve til å stengje desse dersom det førebyggjer smitte og dei andre vilkåra i smittevernlova er oppfylte.

#### Lokale vedtak om overnatting på campingplassar og båthamner

Dersom kommunar vil gjere lokalt vedtak etter smittevernlova om forbod mot overnatting på campingplassar eller båthamner, ber vi om at vedtaka er mest mogleg like. Fylkesmannen er kjend med at Stad kommune har laga eit vedtak som lyder slik: *Felles sanitæranlegg, kjøkken og opphaldsrom ved alle campingplassar, gjestehamner og utleigehytter i [kommunen] skal haldast stengde. Overnatting er berre tillate i bueningar som har eige bad/wc, kjøkken og tilknytning til vatn- og avløpsanlegg.*

Vi repeterer at kommunane og Fylkesmannen ikkje har noko rolle etter hytteforskrifta. Fylkesmannen kan gje råd etter beste evne, og har ikkje noko imot at kommunane viser spørsmål frå private til oss..

#### **6. Idrett – presiseringar frå Helseministeren og Idrettspresidenten**

Det er kome nye føringar for idrettsutøving og treningar. Kommunane eller Fylkesmannen har ikkje fått noko konkret rolle i å følgje opp dette. Den særskilte idretten, foreldre osv. bør oppmodast til å følgje opp og passe på slik at føringane vert følgde.

- Maks 5 personar kan trene saman, og det bør vere ein avstand på to meter mellom desse
- Ein bør ikkje nytte/halde i same utstyr (kaste ball til kvarandre, nikke ball)
- Garderobar skal ikkje takast i bruk
- Vaksne er oppmoda til å vera til stades når barn trener saman
- Alle særforbund er oppmoda av idrettsforbundet til å laga eigne køyrereglar for sine idrettar

#### Alpinanlegg

Det er ikkje kome bindande fråsegner I om ein kan ha skiheisar opne. I føringane frå Helsedirektoratet er det presisert at ein ikkje kan drive med idrett der ein held i same utstyret. Open skiheis vil kunne vere i strid med desse føringane.

#### **7. Grensegangen mellom informasjonsbehov og teieplikt**

Det er stor allmenn og legitim interesse i å få opplyst tal på smitta og, i verste fall døde, ved institusjonar, til dømes aldersheimar eller sjukehus. Det kan verte eit problem på grunn av kravet til teieplikt og personvern, særleg for mindre bygder og institusjonar.

Dersom kommunen informerer om smitte eller dødsfall må det gjerast ei konkret vurdering på kor gjennomiktig tilhøva er på den staden institusjonen ligg. På institusjonar med færre bebuarar enn fem



bør ein i alle fall ikkje gå ut med slik informasjon. På institusjonar med 5 til 15 bebuarar må ein gjere konkrete vurderingar av kor gjennomslittige tilhøva er. Det kan også tenkjast institusjonar med fleire bebuarar enn 15, som har så gjennomslittige tilhøve at ein bør halda seg til «ein institusjon i kommunen» eller liknande.

## 8. Orientering frå Utdanning

### Skuleopning

Fylkesmannen har ikkje fått noko meir informasjon om når skulane vil opne att. Alle embete har blitt bedd om å gje ei vurdering av kva som er følgjene av at skular og barnehagar er stengd i deira fylke. Alle kommunane i Vestland fylke har hatt høve til å uttale seg og skildre korleis situasjonen er i deira kommune. Fylkesmannen har òg hatt særskilt kontakt med Fylkeskommunen og ein av dei større kommunane. Vi har etter dette fått eit dekkande bilete av konsekvensane i vårt fylke og har sendt inn vurderinga vår til Utdanningsdirektoratet.

### Midlertidig forskrift for mellom anna barnehage og grunnskule sendt ut 25. mars

Forskrifta trådde i kraft 28. mars med verknadstid frå same dato. Det er enkelte unntak, dette er tydleg konkretisert i forskrifta.

Sjå Fylkesmannen si nettside for meir informasjon: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/smittevern/koronavirus/midlertidige-forskrifter-som-gjeld-barnehage-skule-og-introduksjonsprogram/>

Det er ikkje varsla at det kjem meir informasjon om bruken av enkeltvedtak. Det kjem tydleg fram i dei enkelte føresegnene kvar det er mogleg å fremje klage og kva krav ein stiller til sakshandsaminga. Dersom det er noko som er uklart kan ein ta kontakt med Fylkesmannen.

### Tilsyn og undervisning i påska

Det er sterk oppmoding frå regjeringa og partane i arbeidslivet om at barnehagar og skular skal haldast ope i påska, slik at dei med kritiske samfunnsfunksjonar og sårbare barn har eit tilbod i påska. Kommunen må ta ein vurdering på kor aktuelt det er i deira kommune.

Sjå Fylkesmannen si nettside for retningslinjer: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/barnehage-og-opplaring/grunnskule-og-vidaregaande-opplaring/paskeopne-barnehagar-og-skuler/>

## 9. Status på forsyning av smittevernutstyr

Det har kome ein leveranse med kirurgiske munnbind, frakkar og vesir til lageret hjå Helse Bergen. Det vert no gjort ei utrekning av kor mykje av dette utstyret som skal til dei ulike helseføretaka med tilhøyrande kommunar. Når den utrekninga er gjort vil ein ved hjelp av koordineringsgruppene fordele utstyret mellom helseføretaka og kommunane. Det er framleis noko utstyr igjen til kvalitetskontroll på det nasjonale lageret hjå Helse Sør-Øst.



Det er knapt med utstyr. Kommunar med kritiske behov tek kontakt med sine samarbeidsutval i helseføretaka. Kommunane må halde fram med å undersøke moglegheitene for eigne innkjøp parallelt med dei nasjonale forsyningane, og vi viser som alltid til FHI sine retningslinjer for bruk av rett utstyr. Ved tvil om kvaliteten på tilbodet frå ukjente produsentar, ta kontakt med Helse Bergen (Pål Røynesdal), Helse Fonna (Thomas Jonsson) eller Helse Førde (Hilde Kristin Hårklau).

#### **10. Rapportering av koronasenger**

Det er kome tilbakemelding om problem med å legge inn svar i Altinn. Dette var knytt til at ein måtte ha ein særskilt rolle i kommunen for å kunne melde inn i løysinga. Dette er no endra slik at personar som er registrert i underorganisasjonar i kommunen òg kan rapportere inn.

Frist for innmelding er kl. 12.00 på fredag.

#### **11. Nav og beredskap**

Nav har ei viktig rolle i denne situasjonen. Kommunane bør følgje med på status hjå Nav og inkludere Nav i beredskapsplanlegginga.

#### **12. Status på prøvetakingsutstyr**

Vi er klar over at det er knapt med prøvetakingsutstyr i kommunane. Det er for tida avgrensa tilgang til prøvetakingsutstyr og ein må gjere prioriteringar på dei prøvesetta ein har. Det er viktig at kommunane følgjer retningslinjene for prioritering av prøvetaking.

#### **13. Mangel på handsprit**

Marknaden for medisinsk sprit fungerer i augneblinken betre enn marknaden for smittevernustyr. Helsedirektoratet og RHF-ane ønskjer difor i utgangspunktet ikkje å etablere ein nasjonal forsyningsmekanisme for sprit Dette for å unngå å forstyrre den eksisterande nasjonale marknaden og for å unngå risiko (eksplosjonsfare) knytt til lagerhald av store volum sprit.

Ved kritisk mangel, ta kontakt med koordineringsgruppa i dykkar region. Vanleg handvask er å føretrekke der det er praktisk mogleg.

#### **14. Rapportering på behov for oksygenustyr**

Kommunane må fyller ut skjema på heimesida, innan fredag kl. 12.00.

Skjema er tilgjengeleg her: <https://fylkesmannen.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/skjult/innmelding-oksygen>

Vi ber kommunane svare så godt dei kan, sjølv om det ikkje heilt godt å forstå kva som skal svarast på. Når det gjeld behovet framover må kommunane sjå det knytt opp mot koronasengene. Vi ser at



fleire kommunar vurderer å gå saman om å opprette koronasenger. Det er fornuftig, og vi oppmodar fleire kommunar til å gjere dette.

### **15. Rapporteringskrav**

Vi har forståing for at det er mange rapporteringskrav for kommunane no. Fylkesmannen styrer ikkje dette, men vi forsøker å redusere presset på kommunane mest mogleg. Fylkesmannen må svare ut DSB, Helsedirektoratet, Bufetat, Utdanningsdirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet osv. når dei ber om det. Dei treng informasjon om situasjonen og effekt av tiltaka jamleg for å gje sine råd til det politiske nivået.

### **16. Helsearbeidarar som arbeidar på tvers av kommunegrensar og institusjonar**

Helsedirektoratet er tydelege i sin rettleiing (kapittel 5.2) på at dette bør unngåast. Fylkesmannen har inga konkret løysing på korleis dette skal løysast hjå kommunane. Kommunane må i størst mogleg grad styre dette slik at helsepersonell arbeidar på ein stad og gjere konkrete vurderingar. Dersom det er heilt naudsynt for å få tenestene til å gå rundt, kan kommunane avvike frå tilrådinga.

### **17. Legemidlar ved terminal pleie**

Fylkesmannen og Statens legemiddelverk (SLV) kjenner per i dag ikkje til at det er planlagt nokon nasjonal samordning av medisintil levering til kommunane. Når det gjeld medikamenter ved terminal pleie, kan SLV opplyse at Haldol, midazolam og oksykodon står på lista over legemidlar som grossistane skal ha på beredskapslager. Robinul er eit av dei legemidlane som Sykehusinnkjøp har på ei tilsvarande «innkjøpsliste» for legemidlar til bruk innanfor spesialisthelsetenesta.

### **18. Skjerming av tilsette i helse- og omsorgstenesta som er gravide eller i risikogrupper**

Helsedirektoratet tilrår at ein så langt som mogleg skjermar tilsette i helse- og omsorgstenesta som er gravide eller tilhøyrar risikogrupper. Dette kan gjerast ved følgjande tiltak:

- Anna personell bør handtere mest mogleg av den direkte kontakte med covid-19 mistenkte eller stadfesta tilfelle. Dette inkluderer prøvetaking.
- Så langt det er mogleg bør dei arbeide med andre pasientgrupper enn pasientar med covid-19.
- Ved arbeidssituasjon der eksponering for covid-19 ikkje kan bli unngått, tilrår ein omplassering til andre arbeidsoppgåver eller heimekontor vurdert ut frå individuell risiko.
- Sjukemelding er ikkje tilrådd, med mindre omplassering eller tilrettelegging for heimekontor ikkje er mogleg.

For meir informasjon sjå brev datert 26. Mars om helsepersonell som gravide og eller tilhøyrar risikogrupper: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/anbefalinger-og-beslutninger#brev-26.-mars>



## 19. Tilbod til pårørande

Mange pårørande er bekymra og føler seg ekstra belasta i desse dagar. Barn og unge som er pårørande er spesielt utsett no. Pårørendesenteret i Oslo (PIO) har eit nasjonalt tilbod til denne gruppa kor dei mellom anna gir råd om korleis ein kan mestre livssituasjonen som pårørande.

Tilbod hjå PIO:

- Rådgivingstelefon for pårørande: Tlf. 22 49 19 22 (måndag – fredag 10-15, tysdag 11-19)
- Chat for barn og unge pårørande: <http://www.piosenteret.no/pio-ung/chat.html> (tysdag og onsdag 16-20)
- Det er òg mogleg å skrive til senteret på e-post: [radgivingstelefonen@piosenteret.no](mailto:radgivingstelefonen@piosenteret.no)

## 20. Refusjon for allereie bestilte utanlandsreiser for helsearbeidarar

Helsepersonell som er ramma av forbodet vil få dekkja økonomisk tap og utgifter knytt til utanlandsreise som ikkje vert dekkja av privat forsikringsselskap. Dette gjeld for utanlandsreiser som ikkje kan gjennomførast i perioden frå 12. mars til 30. april, og som er bestilt før 12. mars. Dekning vil gjelde for helsepersonellet og nær familie. Det er ikkje nye opplysningar om når denne ordninga vert sett i verk.

Les meir om ordninga her: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/helsepersonell-som-driver-pasientbehandling-forbys-midlertidig-a-reise-utenlands/id2693475/>

## 21. Jordmortilbod

Kvinneklinikken (KK) vil syte for å oppretthald eit forsvarleg tenestetilbod for fødande og barselkvinner. Dei ser likevel, at dei ser at kvinner som ikkje ønskjer å utsette seg sjølv eller baby for unødige risiko vel å reise heim tidlegare enn elles. Ein anna innverkande faktor er at partner ikkje får vere på KK no, noko som gjer at kvinner vel tidlegare heimreise. KK ser at dette har nokre følgjer, bl.a. har de observert ammeproblem i aukande grad. KK tilrår at kommunane tek omsyn til dette når vi går inn i dei raude dagane og riggar seg tilsvarende. Man vil kunne forvente auka pågang på denne tenesta i kommunen.

## 22. Spesialisthelsetenesta si oppfølging av pasientar innan psykisk helse

Helse Bergen informerer om at alle avdelingar og institusjonar er i drift og at alle som treng hjelp skal få det. I denne perioden kan hjelpa bli gitt på ein anna måte enn det som er vanleg. Det skal i så fall gjerast ein avtale med den særskilte brukaren om dette.

Ved planlagde innleggingar vert det no vurdert om det kan skje ved poliklinisk oppfølging.

Det er oppretta eigne pandemipostar innan psykisk helsevern.

Fylkesmannen opplyser om at Helsedirektoratet arbeider med å oppdatere koronarettleiaren. Den skal vere ferdig i neste veke, og vil innehalde blant anna retningslinjer om LAR-behandling.



## 23. Webinar

### Handtering av covid-19 i sjukeheimar 3. april

Fredag 3. april kl. 11.00 held Folkehelseinstituttet nettundervisning om koronavirus og covid-19, og korleis dette bør handterast i sjukeheimar. For meir informasjon gå inn på Fylkesmannen i Vestland sine heimesider og temasida om Korona. Der ligg det ein artikkel med informasjon om kurset.

### Handtering av covid-19 i primærhelsetenesta 6. april

Helsedirektoratet inviterer til webinar i samarbeid med Folkehelseinstituttet for kommunelegar og allmennlegar om handtering av covid-19 i primærhelsetenesta tysdag 6. april kl. 10.00 - 12.00 på Helsedirektoratets YouTube-kanal.

Meir informasjon om webinarret finn de her: <https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/webinar-om-handtering-av-covid-19-i-primarhelsetjenesten>

## 24. Oversikt over opplæringsressursar for helsepersonell

Helsedirektoratets nettside Covid-19 for helsepersonell inneheld viktig informasjon, råd og anbefalingar til helsetenesta i pandemien. Nettsida er i stadig utvikling, og er i dag supplert med opplæringsressursar: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/covid-19-opplaeringsressurser>

Ressursane består av allereie eksisterande kvalitetssikra opplæringstiltak som bidrar til naudsynt kompetanse for å kunne følgje dei råd og tilrådingar som er gitt.

## 25. Prioritering av helsehjelp i Noreg under covid-19 pandemien

Helsedirektoratet har utforma eit notat som skal vere til hjelp for overordna prioriteringar i helsetenestene framover.

For meir informasjon sjå brev datert 25. mars: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/anbefalinger-og-beslutninger>

## 26. Nyttige lenker

Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoedsførebygging (RVTS): <https://www.rvtsvest.no/informasjon-rad-og-hjelp-i-samband-med-korona/>

Psykososial beredskap: <https://psykososialberedskap.no/>

Nasjonal veiviser ved vold og overgrep: <https://dinutvei.no/>

Om avvergeplikt: <https://dinutvei.no/fagpersoner>